



# Informasjon frå felles landbruksforvaltning for Lesja og Dovre

***September 2018***

## Innhold

Søknad om tilskott til skogkultur og refusjon frå skogfond .....	2
Tettare planting-klimaplanting.....	2
Skogfond - refusjon .....	3
Skogbruksplan .....	3
Regionalt miljøtilskott (RMP) .....	3
Krav om innSENDING av jordleieavtaler.....	3
Produksjonstilskott del 2 .....	4
Søknadsfrist SMIL-midlar og tilskott til drenering av jordbruksjord .....	4
NATO-øvinga Trident Juncture .....	4
Søknadsfrist IBU – tradisjonelt landbruk.....	5
Kommunalt tilskott til landbruksformål .....	5
Årsmøte i bondelaga i Lesja og Dovre .....	5
Nytt prosjekt 1 - Gjerder i landbruket .....	6
Nytt prosjekt 2 - Plast i landbruket.....	6
Aktuelle fristar/dataar.....	6
Staben ved landbrukskontoret.....	6



## Søknad om tilskott til skogkultur og refusjon frå skogfond

Kommunane disponerer tilskottsmidlar som kan ytast til nærings- og miljøtiltak i skogbruket(NMSK). Søknad handsamast etter retningslinene for *tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*. I tillegg kan ein søke på ei ny ordning som heiter *klimatilskott* som gjeld for planting og gjødsling i skog. Det blir gjeve tilskott til følgjande tiltak så langt det er tilgjengelege midlar innan søknadsfristen:

TILTAK (ordinær)	NMSK-STILSKOTT (Lesja og Dovre)	KLIMATILSKOTT (ny ordning)
101 Markbereiing	40 % (50% ved planting i tillegg)	-
120 Nyplanting	20 % (høgdelag 7 – 9)	80% (sjå beskrivelse under)
130 Suppleringsplanting	20 %	60%
133 Ungskogpleie/avstandsregulering	40 %	-
011 Gjødsling	-	40%
141 Stammekvisting	40 %	-
140 1. gongs manuell tynning (både bartre og lauvtre)	Inntil kr.140,- pr.kubikk (må dokumentera underskot med timeliste og antal kubikk)	-

*Tilskottsatsar av godkjente netto kostnader (utan meirverdiavgift)*

Førebel er det rikeleg med pengar i tilskottspotten – og *fyrste mann til mølla* prinsippet gjeld.

**Søknadsfrist på gjennomførte skogkulturtiltak er 15. november for ordinære NMSK-tiltak.**

## Tettare planting-klimaplanting

Frå og med 2016 vart det innført ei ny tilskottsortning for å auke tal på skogplanter ved forynging av eksisterande skogareal. Tiltaket er ein del av ordinær skogplanting og skal bidra til å binde meir CO<sub>2</sub> med auka produksjon på skogarealene.

Det blir gjeve 80 % tilskott til skogeigar for inntil 50 planter/daa som plantes utover eit fastsatt minimumstal, jf. tabell under.(60% for supplerande planting)

Bonitet	Minimum plantetal pr. dekar	Intervall for plantetal som utløyse tilskott (inntil 50 planter/daa etter oppfylt minimumskrav)
8	100	100 – 150
11	130	130 – 180
14	160	160 – 210
17	180	180 – 230

*Krav til minimum utplantingstal for tilskott til tettare planting (gjeld alle bartrea).*

Søknad om tilskott sendes til kommunen så snart som mogleg etter at tiltaket er avslutta. Det må leggjast ved rekning/faktura som dokumenterer utført ny-planting av minimum mengd planter pr felt. Areal, bonitet og plantetal pr felt må gjevast opp, saman med kartutsnitt som syner avgrensinga av det aktuelle plantefeltet

**Søknadsfrist på utførte tiltak er 7.november.**

## **Skogfond - refusjon**

Ved førespurnad om refusjon frå skogfond skal faktura frå oppdragsgjevar (skogandelslag og/eller andre) atesterast og leverast kommunen saman med eventuell søknad om tilskott(på eiga skjema eller [www.slf.dep.no/no/dokumenter/skjema](http://www.slf.dep.no/no/dokumenter/skjema)) Det er viktig å spesifisera om rekninga er betalt eller ikkje med kvittering eller utskrift frå bank.

Ved eigeninnsats skal dokumentasjon på driftskostnader og timeliste leggjast fram.

Kommunen tilrår skogeigar til å registrere refusjonskrav via *Skogfond på nett* med ordinær innlogging på [altinn.no](https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/skogfondssystemet/). Instruks på korleis ein registrerer refusjonskrav, finn du ved å gå inn på denne adressa: <https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/skogfondssystemet/>

## **Skogbruksplan**

Siste høve for å sikre seg skogbruksplan nærmar seg no med ein absolutt siste frist. Det er særsviktig at alle skogeigarar no tenkjer seg godt om med tanke på forvaltning av skogressursane på sin eigedom i eit 20- års perspektiv. For å ikkje miste retten til å selje tømmer må ein ha skogbruksplan med miljøregistreringar. Skogeigare som ikkje har delteke, kan ikkje levere sertifisert vyrke etter 1.januar 2019. Det gjeld sal av alt vyrke til aktuelle tømmerkjøpare. For dei som absolutt ikkje vil ha skogbruksplan kan ein no bestille berre miljøregistrering, slik at ein framleis kan selja tømmer.

**Ta kontakt med kommunen for bestilling og/eller informasjon.**

**Siste frist for bestilling er mandag 1.oktober**

## **Regionalt miljøtilskott (RMP)**

Det er nå opent for å starte søking om RMP-tilskott. For 2018 kan det søkjast om tilskott til miljøvennlig husdyrgjødselspreiing. Tiltaka det kan søkjast om er areal der det er brukt nedlegging (stripespreiar) eller nedfelling som spreiemetode i vår- eller vekstsesongen.

- Stripespreder: legger gjødsla i stripel i bakken, med 20-40 cm radavstand.
- Nedfeller: plasserer gjødsla ned i bakken, ved hjelp av ulike metodar.

Krav for å söke tilskott til nedlegging/nedfelling:

- Det skal minimum spres 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsla per dekar.
- Tilskottet gjelder for spreiing vår/vekstsesong og arealet skal haustes eller beites etter siste spreiing.
- Husdyrgjødsel spreidd på open åker skal moldast ned innan 18 timer.
- Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringer som viser faktisk gjødsling,
- Bruk av utstyr for nedlegging/nedfelling skal kunne dokumenteras, f.eks. faktura for leie.

Tilskott til miljøvennlig spreiing av husdyrgjødsel omsøkes gjennom RMP-søknad på Landbruksdirektoratet/Altinn og tiltaket tegnes inn i kart i søknaden. Søknadsfrist er 15. oktober. Foreløpig tilskott-sats er satt til 80 kr/daa.

**Søknadsfrist: 15.10.18**

## **Krav om innsending av jordleieavtaler**

Vi minner om at jordleieavtaler skal sendast til kommunen for godkjenning. Manglande jordleieavtaler kan få betydning for behandling av produksjonstilskott-søknader.

## Produksjonstilskott del 2

**15. oktober kl. 23.59** er absolutt frist for å søkje produksjonstilskott del 2! Du finn link til innlogging på landbruksdirektoratet si [nettseite](#). Dersom det ikkje er registrert søknad i Altinn ved utgangen av 15. oktober, vil det ikkje være mogleg å søkje seinare. Det er innsendt søknad innan fristen er det mogleg å endre søknadsdata til 29. oktober.

- |   |             |
|---|-------------|
| • Telledato:  | 1. oktober  |
| • Absolutt søknadsfrist:  | 15. oktober |
| • Frist for å endre opplysningar i del 2 av innsendt søknad:          | 29. oktober |
| • Frist for å etterregistrere avløserutgifter og dyr på utmarksbeite: | 10. januar  |

I del 2 av din produksjonstilskuddsøknad kan du søke om følgjande tilskott:

- tilskott til avløsing ved ferie og fritid for 2018
- tilskott for husdyr (unntatt ammegeit og sau)
- tilskott til økologisk areal og husdyrproduksjon
- tilskott for bevaringsverdige husdyrraser
- distriktstilskott for frukt, bær og veksthusgrønnsaker og salat på friland, samt matpotet dyrka i Nord-Norge
- areal- og kulturlandskapstilskott
- tilskott for dyr på beite
- tilskott for dyr på utmarksbeite
- driftstilskott til mjølkeproduksjon
- driftstilskott til spesialisert storfekjøttproduksjon
- tilskott til små og mellomstore mjølkebruk

Du må også registrere dyr som gir grunnlag for:

- Tilskott til avløsing ved ferie og fritid
- Tilskott for grovförareal

Det fins mye informasjon og hjelpeinformasjon om tilskottene på [veilederen](#) som er utforma av landbruksdirektoratet.

Vi oppmodar alle til å fylle inn og sende søknaden i god tid før fristen. Vi har ikkje moglegheit til å levere søknad for dykk når fristen er gått ut.

**Kom innom eller ring om dykk treng hjelp til å søkje! ☺**

## Søknadsfrist SMIL-midlar og tilskott til drenering av jordbruksjord

Det fins noe SMIL-midlar og tilskott til drenering igjen i begge kommunane. Vi opnar derfor opp for å kunne søkje på dette i haust.

**Søknadsfrist: 20.10.18**

## NATO-øvinga Trident Juncture

Husk å melde eventuelle skader til forsvaret med ein gong. Skader meldes inn via e-postadresse: [mbo@mil.no](mailto:mbo@mil.no) eller via tlf: 400 38 526. Meir informasjon om NATO-øvinga finn du på <http://www.lesja.kommune.no/nato-ovinga-2018/>

## Søknadsfrist IBU – tradisjonelt landbruk

Går du med byggeplaner for å fornye eller bygge nytt fjøs? Når du søker om tilskudd og lån hos IN er kommunen sin oppgave å vurdere søknaden din med alle vedlegg og å skrive en kommunal uttale om saken. Videre sender kommunen saken din med uttalen til IN. Praksisen viser at en slik vurdering er **tidkrevende**. Kommunen bruker å ha minst ett møte med brukeren og i mange tilfeller er det behov for en befaring. Det er vanlig at første søknaden fra brukeren er ikke fullstendig og kommunen bruker å gi en fortløpende veiledning for utbedringen av søknaden. For å klare å gjennomføre alle nødvendige rutinene i vurderingsprosessen har kommunen satt en lokal søknadsfrist **1. desember 2018**.

**2018.** Den endelige søknadsfristen for å sende søknaden inn til IN er 1.februar 2019. Denne fristen skal kommunen forholde seg til. Innen den dato skal alle søknader i tradisjonelt landbruk bli sendt med kommunalt uttale til IN. Det kreves en komplett søknad med følgende vedlegg:

- Driftsplan
- Kostnadsoverslag
- Selvangivelse/næringsoppgave for siste to år
- Tegning
- Finansieringsbevis fra banken
- Jordleieavtaler eller avtaler på kjøp av fôr
- Avtale på leie av mjølkekvote eller avtale for kjøp av melkekvote.

Du leverer søknaden elektronisk på Innovasjon Norge sin [nettseite](#).

Bygging av vatningsanlegg *kan* være aktuelt. Vatningsanlegg er av den typen tiltak som Innovasjon Norge kan gi tilskudd til, men som ikke har vært høyt prioritert så langt. På areal der man i år ser at det er behov for vatning kan det være verdt et forsøk å skaffe midler her.

For tilleggsnæring er det løpende saksbehandling og man kan levere søknad gjennom hele året.

Ta kontakt snarest mulig hvis du ønsker bistand eller har noen spørsmål!

## Kommunalt tilskott til landbruksformål

Gjeldande retningsliner for det kommunale tilskottet til landbruksformål for Lesja vart vedteke av kommunestyret den 21.04.2016. "Potten" for kommunalt landbrukstilskott i Lesja er i 2018 kr 432 000. Det er ikkje midlar i budsjettet for 2018 til kommunalt landbrukstilskott i Dovre. Den 1. 10. går fristen ut for å varsle kommunen om ferdig nydyrka areal for utbetaling av tilskott inneverande år. **Søknadsfrist for andre tiltak knytt til landbrukstilskottet (jfr. retningslinene) er 1.11.** Kommunestyret har vedteke nye retningsliner og vedtekter for det kommunale næringstilskottet. Vedtekten skal godkjennast av fylkesmannen. Vedtaket inneber at tradisjonelt landbruk blir sidestilt med andre næringar

## Årsmøte i bondelaga i Lesja og Dovre

Lesja og Lesjaskog bondelag: Måndag 15.10. kl 19:30 på Lora grendahus

Dovre bondelag: Måndag 29.10. kl 19:30 på Toftemo turiststasjon

## **Nytt prosjekt 1 - Gjerder i landbruket**

Bondelaga i Dovre og Lesja, Mattilsynet og landbrukskontoret vil i vinter samarbeide for å finne tiltak som kan heve standarden på de mange mil med gjerder vi har i Dovre og Lesja.

## **Nytt prosjekt 2 - Plast i landbruket**

Bondelaga i Dovre og Lesja, Mattilsynet og landbrukskontoret vil i vinter samarbeide for å finne tiltak i 2019 som kan redusere mengden landbruksplast som kommer på avveie.

### **Aktuelle fristar/datoar**

Siste frist for å bestille skogbruksplan	<b>1. oktober 2018</b>
Søknadsfrist produksjonstilskott, del 2	<b>15. oktober 2018</b>
Søknadsfrist RMP-tilskott	<b>15. oktober 2018</b>
Søknadsfrist SMIL	<b>20. oktober 2018</b>
Søknadsfrist tilskott til drenering	<b>20. oktober 2018</b>
Søknadsfrist erstatning ved avlingssvikt	<b>31. oktober 2018</b>
Kommunalt landbruksstilskott (Lesja)	<b>1. november 2018</b>
Organisert beitebruk	<b>1. november 2018</b>
Søknad for erstatning for sau drept av fredet rovvilt	<b>1. november 2018</b>
Søknadsfrist tettere planting/klimaplanting	<b>7. november 2018</b>
Søknadsfrist NMSK og klimatiltak	<b>15. november 2018</b>
Søknadsfrist IBU-tilskott til tradisjonelt landbruk	<b>1. desember 2018</b>

### **Staben ved landbrukskontoret**

Namn	Tittel	Epostadresse	Telefon
Mats Heidsve	Landbruksrådgjevar	<a href="mailto:mats.heidsve@lesja.kommune.no">mats.heidsve@lesja.kommune.no</a>	917 33 693 61 24 41 11
Harald Aulie	Landbruksrådgjevar	<a href="mailto:harald.aulie@lesja.kommune.no">harald.aulie@lesja.kommune.no</a>	61 24 41 21
Gunhild Fløttum	Landbruksrådgjevar	<a href="mailto:gunhild.flottum@lesja.kommune.no">gunhild.flottum@lesja.kommune.no</a>	61 24 41 27
Kari Anette Austvik	Landbruksrådgjevar	<a href="mailto:kari.anette.austvik@lesja.kommune.no">kari.anette.austvik@lesja.kommune.no</a>	61 24 41 12
Kim Berget (måndag og torsdag)	Skogbrukskonsulent	<a href="mailto:kim.berget@lesja.kommune.no">kim.berget@lesja.kommune.no</a>	951 89 558 61 24 41 45
Martin Vorkinn	Konsulent	<a href="mailto:martin.vorkinn@lesja.kommune.no">martin.vorkinn@lesja.kommune.no</a>	900 95 301 61 24 41 14
Valeria Khvalynskaya (torsdag, fredag, annenhver onsdag)	Vikar, saksbehandler	<a href="mailto:valeria.khvalynskaya@lesja.kommune.no">valeria.khvalynskaya@lesja.kommune.no</a>	61 24 41 12